

Høyringsfråsegn

Kunnskapsdepartementet: Samskipnadslova

Bergen, 11. september 2014

Me takkar Kunnskapsdepartementet for at me har høve for å svara på denne høyringa.

Velferdstinget er ein samanslutnad av studentdemokratia tilknytt Studentsamskipnaden i Bergen (SiB) og representerer kring 29 000 studentar. Me er bergenstudentane si stemme andsynes SiB, utdanningsinstitusjonane, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og staten i velferdspolitiske spørsmål.

Velferdstinget er svært positive til at regjeringa no ynskjer å reversera lovendringa som tok frå studentane fleirtalet i våre eigne samskipnadar. Endringa, som trådde i kraft 1. januar 2013, var ei misstillit til studentar, og vår evne til å styra våre samskipnadar, og regjeringa sitt ynskjer om å gi studentane fleirtale attende er både etterlyst og kjærkomment. Velferdstinget i Bergen gir regjeringa all honnør for at dei no gir studentane attende fleirtalet i våre eigne samskipnadar.

Vidare meiner me samskipnadane òg i framtida må vera studentstyrte, og at regjering, Storting og Kunnskapsdepartement må ha tillit til at studentane klarar å forvalta våre eigne interesser. Velferdstinget i Bergen meiner ein må vera svært varsam med å ta frå studentane makt, eller avgrensa samskipnadane sitt handlingsrom.

Tor Sivertsen Prestegard
Leiar, Velferdstinget i Bergen